


FINNØY KOMMUNE  
MØTEBOK



Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	16.12.2008	152/08	REV

Saksansvarleg Reidulf Vignes	Arkiv: K2-A20, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 08/55
---------------------------------	--------------------------------------	---------------------

**OPPLÆRINGSLOVA - HØYRING**

**Dokumentliste:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	05.12.2007	Det Kongelige Kunnskapsdepartement	HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I OPPLÆRINGSLOVEN
1	I	20.12.2007	Det Kongelige Kunnskapsdepartement	HØRINGSNOTAT OM FORSLAG TIL ENDIRNG I FORSKRIFT TIL OPPLÆRINGSLOVEN
4	U	24.01.2008	Det Kongelige Kunnskapsdepartement	OPPLÆRINGSLOVA - HØYRING
5	U	24.01.2008	Det Kongelige Kunnskapsdepartement	OPPLÆRINGSLOVA - HØYRING
6	I	10.06.2008	Det Kongelige kunnskapsdepartement	HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I FORSKRIFT TIL OPPLÆRINGSLOVEN OG FORSKRIFT TIL PRIVATSKOLELOVEN - FRUKT OG GRØNNSAKER
7	I	04.11.2008	Det Kongelige Kunnskapsdepartement	HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I OPPLÆRINGSLOVEN OG PRIVATSKOLELOVEN

**Saksutgreiing:**

Ein viser til vedlagde høyringsforslag. Ein finn å kunne slutte seg til svært mange av punkta i høyringsnotatet. Dette gjeld mellom anna:

- **Forsterka opplæring i norsk, samisk og matematikk på 1. til 4. trinn er eit positivt og velkome tiltak.**  
*Finansieringa er ikkje reell då vår kommune framleis ikkje har fått kjøpt inn naudsynte læremiddel.*
- **Forslag om å endre lova om organisering i grupper - krav om elevane sitt sosiale tilhør.**  
*Dette er i tråd med nåverande praksis i vår kommune.*
- **Forslag om å lovfeste plikt til å utarbeide årleg rapport om tilstanden innafor grunnopplæringa.**

*Dette er eit uproblematisk forslag som vil kunne innarbeides i våre rutinar og som vil kunne kome til handsaming i formannskap og kommunestyre kvar haust då ein her snakkar om rapport for skuleår.*

- **Forslag om å presisere minoritetsspråklege elevar sin rett til utvida opplæring i vidaregåande opplæring med inntil 2 år.**  
*Dette punktet gjeld vidaregåande opplæring.*
- **Forslag om å presisere plikta til foreldresamarbeid i grunnsopplæringa.**  
*Dette punktet er i tråd med den drifta vi har i dag.*
- **Forslag om å lovfeste rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa.**  
*Forslaget her er nytt og kan leggjast i 5, 6. eller 7. årssteg. Det er sett av to timar à 60 minutt til føremålet. Det treng ikkje vere pedagog som gjennomfører desse timane, og timane skal ikkje inngå som del av, eller styrking av kroppsøvingsfaget. Departementet førespør om ein skal leggje timane på 6. og 7. trinn eller på 5. og 6. trinn. For dei kommunane med vanskeleg geografi og såleis komplisert skuleskyss, vil dette tiltaket medføre ekstra skuleskyss. Rådmannen er lite nøgd med denne utvidinga av skuledagen for berre to årssteg. Anten burde ordninga vore for 3 årssteg, eller så bør kommunen vurdere om både 5., 6. og 7. årssteg kan få ein time kvar på 45 minutt. Kommunen må då koste 15 minutt av denne opplæringa sjølv. Ei slik ordning vil i alle høve kunne gi ei forenkling av skuleskyssen.*
- **Forslag om å endre vedtektene om private skolar for funksjonshemma.**  
*Dette forslaget gjeld private skolar for funksjonshemma*
- **Forslag om å endre vedtektene om skolepengar for særskilt tilrettelagt vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett.**  
*Dette punktet gjeld vidaregåande opplæring.*

Når det gjeld første kulepunkt, meiner rådmannen at punktet er viktig for skulen, men at finansieringsordninga for vår kommune ikkje er dekkande. Dette vil vere ekstrautgifter i eitt frå før nedpint budsjett.

For andre kulepunkt vil det berre vere ei presisering og ikkje medføre konsekvensar for Finnøy kommune.

Når det gjeld tredje kulepunkt vil dette føre til meir fokusering på innhaldet i skulen både for administrasjon og folkevalde, og vil såleis bidra til å gjere skulen betre.

Når det gjeld plikt til foreldresamarbeid, vil ikkje dette medføre endringar i praksis, men vil vere ei styrking av foreldre/skule – samarbeidet.

Når det gjeld rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskuleopplæringa, er dette punktet i seg sjølv greitt nok. Vansken med dette punktet er ikkje sjølv opplæringa, men det punktet medfører av endra skyss-struktur for dei kommunane som er avhengige av det.

Når ein legg opp til ei ordning der ulike årssteg skal ha forskjelleg slutt-tidspunkt eller starttidspunkt i forhold til kvarandre, medfører dette at ein vil måtte setje opp fleire buss og

båtruter. Dette vil medføre store kostnader for fylket – kommunane. I nokre samanhengar vil ein ikkje kunne sende elevane heim når skulen sluttar. Alternativ kan vere at dei får ein tilleggstime til som kommunen må koste og som vi ikkje får kompensert for.

Dersom ein legg til 3 skuletimar à 45 min. for 7 trinn, vil skysskabalene kunne gå opp, men det er ikkje intensjonane med ordninga. Ein vil ut frå dette på det sterkaste rå frå at ordninga vert innført i si nåverande form, men at den vert utvida til å gjelde fleire årstrinn eller at denne forma for undervisning vert gjeve i bolkar av året.

**VEDTAK:**

Formannskapet i Finnøy sluttar seg til dei merknadane som kjem fram i saksutgreiinga.

**FSK-152/08 VEDTAK 16.12.2008:**


Samrøystes som innstillinga.

**Kopi til:**

Det Kongelige kunnskapsdepartement

**Rett utskrift:**

Dato: 19.12.09

  
Reidulf Vignes  
Kommunalsjef